



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2619 - 16/18200

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
27.09.2016

Godkjenning - igangsetting av tiltak, riving av eksisterande bustad og oppføring av ny bustad på Landsvik, gbnr 51/57.

Administrativt vedtak. Saknr: 312/2016

Tiltakshavar: Kaj Alexander Johnsen
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova(p bl) § 20- 1 , jf. § 21- 2 , 5. ledd.

Saksutgreiing:

Tiltak :

Arkoconsult AS har på vegne av tiltakshavar, Kaj Alexander Johnsen, søkt om igangsettingsløyve for riving av brannskada bustad og oppføring av ny bustad på gbnr 51/57, Landsvik.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 64/2016, dagsett 11.03.2016. Igangsettingsløyve for deler av tiltaket - opparbeiding av avkøyring og tilkomstveg - er gitt i administrativt vedtak 225/2016 dagsett 30.06.2016.

Statens vegvesen har i skriv dagsett 14.09.2016 gitt mellombels bruksløyve for omsøkt avkøyring.

Vurdering:

Planstatus

Det vert vist til vedtak om rammeløyve med tilhøyrande vurderingar. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

Nabovarsling

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf pbl § 21- 3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla godkjent 11.03.2016 saman med søknad om rammeløyve. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4.

Naudsynt dokumentasjon ligg føre og administrasjonen har ingen merknader til søknaden.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 15.06.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege føretak i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl kapittel 23.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket - riving av brannskada bustad og oppføring ny bustad på gbnr 51/57 på Landsvik i samsvar med søknad med vedlegg motteke 16.09.2016.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 15.06.2016, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

51-57

Kopi til:

Kaj Alexander Johnsen

Skjelangervegen
408

5917

ROSSLAND

Mottakere:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN